

Saksbehandlar: Birgit Tansøy, Nærings- og kulturavdelinga  
 Sak nr.: 17/8987-21

## **Førde - Kommuneplan 2018 - 2030**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet går til motsegn mot delar av B17 i den føreslegne arealdelen fordi arealføremålet kjem i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne og ivaretaking av det heilskaplege kulturmiljøet på Vie.
2. Som forhandlingsleiar frå fylkeskommunen vert vald .....

### **Vedlegg:**

- 1 Høyring Kommuneplan Førde 2018-2013, med vedlegg a-d.
- 2 Møtereferat om bakgrunn for fremjing av motsegn B17
- 3 Fylkeskommunen sitt høyringssvar i samband med planoppstart, datert 15.01.2018.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Kommunen legg opp til eit heilt nytt og stort bustadareal B17 på Vie. På delar av dette arealet ligg det automatisk freda kulturminne (id 180145) i form av busetting og aktivitetsområde frå steinalder til mellomalder. Det automatisk freda kulturminnet er ikkje markert på plankartet som automatisk freda.

Bustadarealet ligg i området som utgjorde Vietunet før den store utskiftinga på slutten av 1800-talet. Utgravingar like sør for dette området viste funn av eit langhus (hall) frå vikingtid. Kulturminneområdet heldt fram vidare mot aust og er automatisk freda. Potensialet for at det finst fleire automatisk freda kulturminne i dette området er vurdert som høgt.

Ut frå dette meiner fylkesrådmannen at deler av bustadarealet i området B 17 må takast ut og vidareførast som LNF-område. På denne måten kan ein sikre dei automatisk freda kulturminna og det heilskaplege kulturmiljøet på Vie. Arealet som er føreslege teke ut av B17 er illustrert med raud avmerking på kartutsnitt 3.

### **2. Bakgrunn for saka**

Førde kommune har lagt kommuneplanen sin arealdel 2018-30 ut på offentleg høyring. Føremålet med planarbeidet er å endre og oppdatere gjeldande arealdel slik at han vert meir i tråd med noverande behov og utvikling. I revisjonen har kommunen særskilt fokus på :

- Tettstadnære einebustader
- Fortetting i høve eksisterande og nye byggeområde
- Implementering av sentrumsstrategiarbeidet
- Oppdatering av parkeringsnorm, skiltnorm og norm for uteopphaldsareal
- Tilknyningsplikt innafor Førdefjorden Energi sitt konsesjonsområde for fjernvarme.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gitt administrativ uttale for plan- og kulturminnefaglege tema med unnatak av det som gjeld forholdet til automatisk freda kulturminne i planen.

FU-saka gjeld ivaretaking av dei automatisk freda kulturminne og motsegn mot arealdisponering til bustadarealet B 17. Førde kommune har gjeve utsett frist for høyringsuttale på til 8.mars.

### Generelt om automatisk freda kulturminne i planen

For dei automatisk freda kulturminna ved Vie sandtak legg kommunen opp til vidareføring av bandlagt område og omsynssone slik som i gjeldande plan. Fylkesrådmannen vurderer dette som positivt for vidare forvaltning av området.

I arealet LS17, som ligg like ved det automatisk freda gravfeltet på Vie (id 64082), vert det opna for spreidd næring, knytt til skog og hagetenester. I føresegna til området står det at noverande aktivitet/bruk vidareførast. Det er lagt på omsynssone H570 på arealet som grensar mot gravfeltet. Fylkesrådmannen meiner at det i føresegnene må kome tydeleg fram at det ikkje kan førast opp bygg som har høgre gesims enn dei som står der i dag, samt at ev. nye bygg ikkje må førast opp innanfor bandleggingsområdet H730 og H570.


Det er elles lagt opp til eit noko mindre omsynsområde for kulturminne i Sjøahola enn i gjeldande plan. I Sjøahola er det høgt potensiale for å finne automatisk freda kulturminne då hovudferdselen frå båt til land gjekk i dette området før elva skifta lei. Fylkesrådmannen rår difor til å oppretthalde omsynssoneområdet for kulturminne H570 for Sjøahola slik som i gjeldande kommuneplan.

Kulturminnet id 111460 ved Sunde skule er i dag frigjeve. Det er såleis ikkje behov for å merke dette arealet som bandlagt område.

Vi har ikkje nok grunnlagsmateriale til å kunne vurdere om dei føreslegne arealdisponeringane rår automatisk freda kulturminne. Vi presiserer difor at vi ikkje kan seie oss samd i arealbruken, jf. lov om kulturminner § 8, fjerde ledd. Dette inneber at arealdelen ikkje har direkte rettsverknad før det er avklart om dei ulike byggeområda rår automatisk freda kulturminne eller ikkje. Areal-bruken vert først avklart på reguleringsplannivå. Fylkeskommunen er òg høyringspart når det gjeld tiltak i LNF-område.


### Område B17

I område B 17 ligg det automatisk freda kulturminnet id 180145 (sjå kartutsnitt 1 med avmerking i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase). Id 180145 er ikkje merka som bandlagt område H730 i høyringsframlegget.



Kartutsnitt 1

I gjeldande kommuneplan sin arealdel 2015-2027 er arealet for B17 LNFR-område:



### Kartutsnitt 2

Ved varsel om oppstart av revisjon av kommuneplanens arealdel gav fylkeskommunen følgjande innspel for å sikre dei automatisk freda kulturminna og det heilskaplege kulturmiljøet på Vie/Løland:

*«I Førde kommune er det særskilt konsentrasjonar av automatisk freda kulturminne på Vie. Fylkeskommunen har i samband med tidlegare revideringar av arealdelen til kommunen, spelt inn at vi ikkje ynskjer meir fortetting i områda kring mellomalderkyrkjestaden på Løland. I førre rullering vart det avsett eit nytt bustadareal i nærområdet, og vi meiner at tålegrensa for fortetting i dette området no er nådd».*


Fylkeskommunen hadde 28.01.19 eit administrativt møte med Førde kommune medan planen var på offentlig høyring. Der orienterte vi om konflikten i bustadarealet B17 og det kulturminnefaglege grunnlaget for motsegn.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Kommunen legg opp til eit heilt nytt bustadareal B17 på Vie. På delar av dette arealet ligg det automatisk freda kulturminne (id 180145) i form av busetting og aktivitetsområde frå steinalder til mellomalder. I området ligg siste rest av det området som utgjorde Vietunet før den store utskiftinga på slutten av 1800-talet. Utgravingar like sør for dette området viste funn av eit langhus (hall) frå vikingtid. Universitetsmuseet i Bergen, som gjennomførte utgravingane, såg at kulturminneområdet heldt fram vidare mot aust. Det automatisk freda kulturminneområdet vart avgrensa i tråd med dette. Potensialet for at det finst ytterlagre spor av automatisk freda kulturminne i dette området er vurdert som høgt.

Fylkesrådmannen vurderer ut frå dette at det er behov for å redusere bustadarealet innafør B 17 i tråd med forslag illustrert i kartutsnitt 3. Areal merka med raudt må vidareførast som LNF-område, slik det ligg inne er i dagens kommuneplan. I tillegg må heile det automatisk freda kulturminneområdet merkast på plankartet med omsynssone H730.

I tillegg rår fylkesrådmannen til at det vert lagt ei omsynssone H570 for området mellom id 180145 og den freda mellomalderkyrkjestaden id 6331.



Kartutsnitt 3

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen ynskjer å behalde arealføremålet LNFR for delar av B17. I dette området ligg det eit automatisk freda kulturminne (id 180145) og potensialet for at det ligg ytterlegare automatisk freda kulturminne i grunnen er vurdert som høgt. Den føreslegne arealdisponeringa er ikkje i tråd med ei heilskapleg ivaretaking av kulturmiljøet på Vie. På bakgrunn av dette rår fylkesrådmannen fylkesutvalet til å reise motsegn mot kommuneplanen sin arealdisponeringa i område B 17.